

Trygg i nytt bygg

Daggry barnehage, som er eigd av Sunnmøre Indremisjon, har denne hausten flytta inn i nye og romslege lokale på Valderøya i Giske kommune på Sunnmøre.



Tekst: Are Bakke



Foto: Are Bakke

Indremisjonen har drive barnehage på øya heilt sidan 1978, men lokala var tronge og tilfredsstilte ikkje dagens krav. I fleire år har ein tenkt og planlagt eit moderne nybygg, så no er gleda stor både blant barn, foreldre og tilsette over det fine bygget.

Barnehagestyrar, Kari Lise Ose Nordstrand, kan stolt og glad ta imot besøkande og vise dei rundt i lokala. Daggry har fire avdelingar, to for dei barna som er under tre år, og to avdelingar for dei som er eldre. Bygget er eit vinkelbygg som skjermar uteområdet mot ver og vind frå nord. I midten av uteområdet har dei minste barna leikeområdet sitt, medan dei største barna har leikeapparata sine meir i utkanten av tomta som totalt er over seks dekar.

Lokala er lyse og lette med mange vindaug. Fargane er lyse og sterke. Spesielt golva i gangareala har sterke fargar slik at synshemma også kan sjå kvar dei er i bygget og føle seg trygge. Kvar avdeling har eigen inngang med eige areal for ytterkle, innerkle, leikerom og smårom, i tillegg til bad, stellerom og toalett. Planløyisinga er prega av moderne barnehagepedagogikk. Alle avdelingane har sin eigen kjøkkenkrok for oppvask og matlaging. Fuglenamna Lerka, Måltrøsten, Spurven og Linerla viser



veg inn til dei ulike gruppene. Ved inngangen er det bilete av fuglen med tihøyrande dikt. Festleg. Den nye barnehagen har også eit stort fellesrom som vert nytta til gym-aktivitetar, festar, korøvig og foreldremøte, fortel Kari Lise. Barnehagen har altså eige kor som øver annankvar veke. Hovudkjøkkenet ligg nær ved slik at lokala kan leigast ut til ulike samlingar som til dømes konfirmasjonsselskap og feiring av runde dagar.

Både styrar og personalet er glade for at dei no har fått så praktiske og tidhøvelege rom å arbeide i. Personalet har eige arbeidsrom og triveleg og lyst pauserom med djupe og mjuke stolar. Det viktigaste av alt er innhaldet i barnehagen, understrekar styraren. Barna skal lære å mestre livet seinare som vaksne, få med seg gode livsverdiar og kunne fungere i eit sosialt fellesskap.

Indremisjonen sin barnehage har sin eigen visjon: "Med Guds kjærleik til barna", ikkje så ulik indremisjonen sin visjon: "Med Guds ord til folket".

Dette set sitt preg på planane og dagsrytmen med kristne songar, barnebøker, faste bønner og markering av høgtidene i året. Haldningane og verdiane hos personalet smitter over på barna. Det skaper trivsel og godt miljø både for liten og stor.

Det enkelte barnet skal bli sett, derfor har Daggry eigen bursdagstol i rokokkostil med plass til bilete av barnet over, så her vert det gjort stor stas på bursdagsbarna. Styrar, Kari Lise Ose Nordstrand, kan også fortelja at personalet i barnehagen er godt kvalifiserte til å arbeide med barn. Ti personar av totalt tjueseks har pedagogisk utdanning.

Dagen på Daggry barnehage startar tidleg for den som treng det, klokka 06.45 opnar dørene med stengt klokka 17.00 på ettermiddag. Barna startar gjerne med å ete frukost frå eigen matboks før dei utfoldar seg i fri lek. Når alle er på plass, er det tid for ulike aktivitetar som samlingstund, forming, baking eller tur ut i naturen. Fjellet rett bak gjer det lett å kome seg

ut på tur, og til å utforske naturen i nærområdet. Etter hovudmåltidet er det mykje utetid for dei største barna, medan dei minste har sovetid. Femåringane har førskuleklubb ein gong i veka for å førebu seg til skulestart når den tid kjem.

Daggry er tydelegvis ein populær barnehage, allereie no utgjør ventelista ei heil avdeling. Plasseringa rett ved sida av barneskulen gjer at mange foreldre kan tenke seg å ha sine håpefulle nettopp her, det forenkler levering og henting i ein hektisk kvardag.

Prislappen for nybygget er på heile tjueseks millionar kroner. Arkitektfirmaet Moldskred AS i Ålesund har teikna, prosjektert og vore byggeleiar for barnehagen.

Hovudentreprenør har vore Søvik og Skåravik. Ei spesiell takk til firma som har spona spesielle prosjekt: Vigra Servicesenter AS, Havila og Johan R. Sunde.

Gravferd i regi av bedehuset



Johan Halsne
Kransleiar Sunnmøre
Indremisjon

Gjennom året som har gått, er det fleire gonger blitt stilt spørsmål frå personar knyta til vårt trussamfunn, og andre, om det er mogeleg å gjennomføre gravferd i regi av det lokale bedehus.

Mange bedehus har opp gjennom åra blitt brukt til gravferder. Dette er ikkje noko nytt, men desse gravferdene har som oftast vore i regi av kyrkja og blitt leia av presten. Gravferd i bedehuset sin regi har vore sjeldnare, leiarar på bedehuset og forkynnarar har derimot blitt mykje brukt til å leie bæreandaktar og minnesamvær. Omsorg og sjelesorg i forbindelse med dødsfall høyrer med til livet i bedehusforsamlingane, her har vi lange tradisjonar og erfaringar.

Les vi norsk kyrkjhistorie vil vi finne at frå reformasjonen og fram til 1889 skjedde gravferd frå heimen og blei leia av lekmenn med åndeleg tillit i nærmiljøet. Presten føretok jordpåkasting etter ei gudsteneste, vi har altså rike og lange tradisjonar med gravferd leia av lekmenn. Det skulle derfor vera heilt naturleg at bedehuset tek hand om gravferd for sine medlemmer der pårørende ynskjer dette.

Talet på bedehusforsamlingar aukar og likså medlemstalet i ImF og NLM trussamfunn. For desse er eit heilt tilbod frå bedehuset si side ekstra aktuelt, men og for medlemmer av Den norske kyrkja gjer lokale forhold det naturleg med gravferd i bedehusforsamlinga.

Ein laurdag i september vart det i regi av Sunnmøre Indremisjon og Misjonsalen i Myrabakken(NLM) halde kurs i gjennomføring av gravferd for forsamlingsleiarar, tilsette og frivillige. Nokre har erfaring med dette gjennom fleire år, andre hadde mindre erfaring.

Sunnmøre Indremisjon si målsetjing med eit slikt kurs er å utruste våre lekfolk til å kunna best mogleg gjennomføre sorgsamtale, hjelpe praktisk i førebuing til gravferd (saman med gravferdsbyrå), bæreandakt, gravferda og minnesamvær.

Vi vil og så langt det lar seg gjennomføre vere ein sjelesørger, samtalepartner i tida etter gravferd, for dei som ynskjer det.

Så langt det står i vår makt, vil vi gjere alt vi kan, for at dei som ynskjer det, skal få ein god og verdig gravferd frå bedehuset!

Omsorg og sjelesorg i forbindelse med dødsfall høyrer med til livet i bedehusforsamlingane, her har vi lange tradisjonar og erfaringar.

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmøre
ImF-UNG Sunnmøre
imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonscenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre barne – og ungdomsskule Skodje

Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796

Møre barne - og ungdomsskule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Plussreiser AS

post@plussreiser.no
Telefon: 70 17 90 00

www.plussreiser.no

Radio Sunnmøre

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmore.no

REISERUTER 06.09- 29.11. 2017

JOHAN HALSNE:

16.-30.09: Kypros, 10.10: styremøte, 11.-13.10: Gursken, 15.10: Langevåg, 15.10: Brattvåg, 17.-22.10: Berge, 24.10: Mannaklubb, 03.11: Lutherkveld Misjonssalen, 04.11: Radiomesse, 14.11: styremøte, 16.-19.11: Lederkonferansen

RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

28.09: lederforum Bergen, 10.10: styremøte, 16.10: Brattvåg, 17.10: Frøystad og Remøy, 20.-22.10: PitStop, 27.-29.10: leir, 05.11: Giske, 08.11: Superblink Oslo, 14.11: styremøte, 16.-19.11: Lederkonferanse Bergen, 27.11: Vestnes

MATHIAS LINDGREN MULELID:

22.-24.09: Orrenesleikane, 26.09:

Møre u.skule, 29.09: Skodje, 30.09: Konfu, 01.10: Ulsteinvik, 06.10: Vigra, 20.-22.10: PitStop Emblem, 31.10: Møre Hatleholen, 03.-05.11: NightGames, 16.-19.11: Lederkonferanse, 21.11: Godøy, 28.11: Møre u.skule

HILDE SOFIE BLINDHEIM ØSTREM:

30.09-01.10: minileir, 18.10: Giske barnekor, 19.10: basar Skodje, 25.10: Gamlem, 11.-12.11: minileir Olav Andre Soltvedt: 22.-24.09: Orrenesleikane

KJELL FURNES:

05.11: Godøy, 15.11: Lepsøy, 22.11: Åmdal, 26.11: Langevåg

JARLE BERLAND:

15.10: Ellingsøy, 26.-29.10:

Hundeidvik, 01.-05.11: Remøy,

05.11: Sykkylven, 24.-26.11: NRI,

29.-30.11: Godøya

JOSTEIN MULELID:

24.-26.10: Hjørungavåg, 31.10- 03.11: Valldal, 05.11: Spjelkavik, 19.11: Godøy, 29.11: Rovde

GUÐRAN LONGVA OG HILDE GJENGEDAL:

05.-06. og 08.10: Giske, 18.10: Lepsøy, 25.10: Åmdal, 12.11: Ulsteinvik

INGBJØRN VINGEN:

04.-05.10: Eidsdal, 08.10: Sykkylven bhf

ARNE ARNESEN:

25.-29.10: Godøy (Finnmarksmisjon)

TOR INGVALD LAUVRAK:

18.-22.10: Godøy

ANBJØRN WALDERHAUG:

21.10: Skodje, 01.-05.11: Søvik/

Gamlem, 10.-12.11: Giske, 22.11:

Ulsteinvik

MARIT STOKKEN:

01.-05.11: Valle

MARIE HORNNES:

08.-12.11: Sula

ROBERT UGGEDAL:

01.10: Spjelkavik

ODDBJØRN BRUNSTAD:

24.09: Godøy

HELGE DIMMEN:

27.09: Rovde, 01.10: Ellingsøy

ODD ASBJØRN NYBØ:

Fiskå (sept), 22.10: Giske

PER SÆVIK:

20.-22.10: Volda

KÅRE MAGNE REMMEN:

24.-25.10: Syvde/Eidså

HARALD TVERVÅG

24.-26.11: Vigra

Takk til 60+ på Brusdalsheimen

Vi var så heldig å få vera med på 60+ på Brusdalsheimen denne gongen. Det var ei oppleving frå fyrst til sist.



Tekst: Aslaug og Steinar Farstad

Komitèen som stod for programmet saman med styrarfolket, Hilde og Arvid, hadde lagt alt godt til rette for oss. Og Ingar Hjelset hadde tre makelausa bibeltimar for oss over Luthers tre emne: Skrift åleine, Nåden åleine og Trua åleine. Han hadde

budd seg godt på desse emna og fekk nåde til å legge dette fram på ein så oppbyggeleg, historisk og kunnskapsrik måte at det greip oss alle.

I dette Luther-året vil vi oppmode forsamlingar som har høve til det å få Ingar til å halde desse bibeltimane. No er Ingar pensjonist og ein slik resurs må ikkje indremisjonen gå glipp av. Takk Ingar for det du gav oss desse bibeltimane. Og takk til Kari og Olav Mulelid for god evangelisk song.

Dei har vitja oss fleire gongar før, og er hjarteleg velkomne attende. Onsdagskvelden kom Torstein Remme og tok del med sin glad-song. Tirsdag hadde vi busstur til Alnes med kaffipause på det nye opplevelsessenteret der. Så gjekk turen rundt Godøya, Giske, Valderøya med omvisning på den

nye, fine barnehagen til Sunnmøre Indremisjon og til slutt over Ellingsøya med humorfylt og lokalkjent guiding av Jostein Mulelid.

Onsdag kom Torstein Valderhaug på vitjing og fortalde om den dramatiske hendinga som far hans opplevde på Ishavet. Uveret kom brått over dei og skruisen braut skuta ned så dei måtte røma ut på isen. Etter to dramatiske døgn vart alle berga av mannskapet på ei anna ishavsskute. Ei rørende historie.

I tillegg til godt program og godt stell fekk vi også fint ver og kunne kose oss i solskinet framfor heimen. Takk til programkomitèen for fint program og koseleg leiing. Vonar vi kan møtast til eit liknande samvær neste år.

Minneord av Kjell Furnes



Hallvard Emblemsvåg

Fysioterapeut Hallvard Emblemsvåg har gått bort. Han vart berre 67 år gamal. Det store bedehuset på Emblem var fullsett den 21. juni då slekt og venner tok avskil med denne høgt elska sambygdingen, kamerat og kristenleiar. Han vaks opp i

Emblemsvågen som barn nr. tre i ein søskenflokk på fire. Å vekse opp på eit småbruk gir både miljø og utfordringer til å utnytte både kropp og kreativitet. Hallvard var aktiv i idrett og friluftsliv. Glad i dyr og elska å dra på fiske. Han tok til seg alle dei goder som ei vakker

sunnmørsbygd kunne by på.

Etter gymnas, og avtjent verneplikt, reiste han til England for å utdanne seg til fysioterapeut. Etter tre års studie kom han heim og var i teneste i Sykkylven ei tid. Men hans målsetting var å starte sitt eige institutt noko som vart etablert på Blindheim i Ålesund. Her fekk han mange interessante år. Men hans hug stod til meir kunnskap, og gjennom åra tok han stadig nye kurs for å halde seg oppdatert i faget. I 1974 gifta han seg med Herdis f. Blindheim. Dei fekk ein trygg og god heim saman med dei fire barna dei fekk

Frå sin ungdom fekk han den lukke å leve i eit trygt samfunnsliv med Jesus. Vi kan vel seie at det han måtte ha av fritid gjennom åra gav han det meste i teneste for Jesus gjennom arbeidet lokalt på bedehuset på Emblem, på krinsplan og

i Indremisjonsforbundet.

Hallvard stod trufast med i alt byggande arbeid på Emblem Bedehus. Det vere seg då dei tok det store løftet å bygge nytt bedehus, og då Emblem Bedehusforsamling vart etablert. Leiaren av forsamlinga sa det slik: «Han var ein bauta i forsamlinga. Med omsorg og omtanke for den enkelte.» Hans trygge ståstad i det lavkyrkjelege lekmannsarbeid, samstundes som han var ein var og varm samtalepartner gav han tillit og støtte mellom kristenfolket. I Sunnmøre Indremisjon var han leiar i to periodar, og han sat også ein periode i forbundsstyret.

Vi er takksame for det han gav, samstundes som vi kjenner på eit djup sagn, når no Hallvard Emblemsvåg har gått bort. Guds signe hans fine minne.

Jenteleir og gutteleir, - ein gamal og god tradisjon



Tekst: Randi Fagerhol Lauvås



Foto: Randi Fagerhol Lauvås

JENTELEIREN

Så snart skulen er slutt for sommaren samlast jenter i 4. til 7.klasse til jenteleir på Brusdalsheimen. I sommar var vi 27 jenter, 4 vaksne leiarar og 3 hjelpeleiarar samla til kjekke og innhaldsrike dagar. Leik og moro, bibel og bøn var litt av innhaldet på leiren. Ein av dagane var vi så heldige å få besøk av Olaug Bjørke frå Åpne Dører, som fortalde om jenter og familier sine tøffe kvardagar som forfulgte kristne. Jentene fekk lage flotte kort som skulle sendast til ein konkret søskenflokk som hadde det vanskeleg. Bønnevandring, bibeltimar med samtalegrupper etterpå sto også på programmet.

Gamlehytta på Brusdalsheimen er enno i bruk, nokre gongar også til overnatting. Men denne gongen var det peisestua som vart brukt til kosekveld, med «kosemat», vi song saman og hadde ei kort andakt. Den siste kvelden var det oransje/gul-jentefest, der både maten, pynten og kledda gjekk i gult og oransje.



Her fekk også jentene vere med å prege programmet med fantasifulle og morosame innslag.

GUTTELEIREN

I sommar etter at skuleferien hadde begynt var det også gutteleir, der 23 gutar og 7 leiarar var samla til dagar med mykje aktivitet, leik, konkurransar, bibeltimar og sjølvstøtt gutteleir-leikane. Det er ein femkamp som består av greiner som dart, pil og bueskyting, kappløp, kubbekasting og bordtennis.

Det vart delt ut medaljar til dei tre beste i kvar øvelse og ein pokal til vinnaren av heile femkampen. I



tillegg til femkampen hadde vi både volleyball og fotballturnering. Det var også litt fritid innimellom der båtane vart flittig brukt på Brusdalsvatnet.

Det var nokre fine dagar prega av mykje konkurranse, leik og fellesskap. Men dei var også fylte av bibeltimar der talaren underviste om bibelen. Temaet på leiren var heltar, og det vart snakk om både bibelske heltar og Olympiske heltar. Deltakarane fekk anledning til å prate saman seg imellom og med ein leiar om bibeltimen kvar dag i smågrupper. I tillegg var det kvar kveld ei korssamling der deltakarane fekk roe ned etter ein aktiv dag med bibelord, roleg musikk og lystenning.

FRIHET

UNGDOMSMØTER

SEMINAR

NATTKAFÈ

GOSPEL NIGHT

FORMIDDAGSMØTE

PITSTOP på Emblem bedehus
20.-22. oktober

EKTESKAPSWEEKEND

”Slik blir et godt ekteskap enda litt bedre”

Karina og Jarle Waldemar

- Avslappende hotellovernatting
- Gratis inngang badeland
- Nyttig undervisning
- Tid for samtale
- Kvalitetstid
- 3-Retters Middag

Temaer som blir tatt opp:

- Slik investerer dere i hverandre
- Slik påvirker dere hverandre
- Slik kan ulikheter bli en styrke
- Slik takler du feil hos ektefellen
- Slik styrker dere det intime samlivet
- Slik kommer dere nærmere hverandre

Pris per par **3500,-** før 1. Desember // **4000,-** etter 1. Desember
// 26.-28. Januar 2018 // Thon Hotel Fosnavåg //
Mer info på www.imfung-sunnmore.no

Gunnhild Aksnes Kristiansen vikarierande dagleg leiar for Radio Sunnmøre



Foto: Victor Haram

Fram til mai 2018 vil Gunnhild Aksnes Kristiansen fungere som dagleg leiar for Radio Sunnmøre,

då Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er i morspermisjon.

Gunnhild kjem frå Ålesund, er gift og har tre barn. Gunnhild er utdanna journalist, ho vil legge vekt på å skape ein levande radio, som kan fortelje historiene til folk, formidle positivitet og rausheit.

Vi er glad for å ha fått Gunnhild i medarbeidarflokken og håper ho vil trivas saman med resten av gjengen i Vikakroken.

ImF-UNG Sunnmøre sitt team arbeidsåret 2017-2018



Foto: Kjetil Fyllingen

Vi er glade for kunne presentere årets UNG-team, vi er dei same tre som sist arbeidsår.

Randi Fagerhol Lauvås - leiar (90 % stilling)

Mathias Lindgren Mulelid - barne- og ungdomsarbeidar (100 %)

Hilde-Sofie Blindheim Østrem - barne- og familiearbeidar (50 %)

ANNONSER

Luther med Latter



**Misjonssalen,
Myrabakken Næringscenter**
**Fredag 3. november
kl. 20.00**

I 1517 starta Martin Luther reformasjonen.
I 2017 presenterer Ryfylke Livsgnist eit skråblikk på 500 år i lutherske spor.

Historisk - humoristisk - musikalsk

Entré: kr 200 (familie kr 500)

VELKOMEN!

Billetter kan bestillast på tlf. 70174400 / 70178670, eller kjøpast i døra.

Meir info om førestillinga: www.ryfylkelivsgnist.no



Arr: NLM Ålesund Misjonsforsamling og Sunnmøre Indremisjon

Foto: Kristofer Ryde, Negative

Epafra legat



FØRESTILLINGA ER STØTTA AV



LEIR HAUST 2017



2. - 4. klasse

Brusdalsheimen

MiniLeir 3

30. September - 1. Oktober

Pris: 380kr



MiniLeir 4

11.-12. November

Pris: 380 kr

5. - 7. klasse:

Orreneset
Orrenes Leikane

22.-24. September

Pris: 540 kr

Brusdalsheimen
Tweens Leir

27.-29. Oktober

Pris: 540



8. - 10. klasse:

Orreneset
NightGames

3.-5. November

Pris: 550 Kr

For påmelding:

www.imfung-sunnmore.no

tlf: 70 17 86 73



PÅMELDINGSFRIST: 2 DAGER FØR LEIRSTART!

HAVILA
HAVILA AS
P.O. Box 215,
N-6090 Fosnavåg Norway
Tel.: +47 70 08 09 00
Fax: +47 70 08 09 01



Johan R. Sunde AS
6037 Eidsnes

• Fargehandel • Jernvarer

Tlf.: 70 19 07 03 Fax: 70 19 01 17